



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 21.06.2018

Vår ref.: 2018/108

Arkivnr.: 461.3

Hå kommune
Postboks 24
4368 Varhaug

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Søknad Norsk Dyremat AS avd. Sirevåg om løyve etter forureingslova - Utlegging til offentlig innsyn

Fylkesmannen ber kommunen legge eit eksemplar av søknaden ut til offentlig innsyn. Fylkesmannen vil ein av dei nærmaste dagane leggje ut ei kunngjering i avisene og på <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Fylkesmannen i Rogaland innan 10 veker.

Bakgrunn

Norsk Dyremat avd. Sirevåg (tidlegare Norsk Hundefôr AS) har 18.6.2018 søkt Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova § 11 for produksjon av inntil 20000 tonn kjæledyrfôr ved sitt anlegg i Sirevåg.

Verksemda har sidan 1999 drive produksjon av hermetisk fôr til kjæledyr ved sitt anlegg på gnr/bnr 95/443 i Sirevåg, Hå kommune, og søkte også i 2000 Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova.

Fylkesmannen vurderte på det tidspunkt at det ikkje var naudsynt å krevje særskilt løyve etter forureiningslova i og med verksemda hadde underteikna avtale med Hå kommune om påslepp av prosessavløpsvatn til offentlig nett.

Norsk Dyremat avd. Sirevåg er i etterkant vorte omfatta av forureiningforskrifta kapittel 36 vedlegg I (industriutsløpsdirektivet, IED) pkt. 6.5 «Anlegg for disponering eller gjenvinning av skrotter og animalsk avfall med ein behandlingsskapitet på over 10 tonn per dag», og skal difor i medhald av forskrifta ha eit særskilt løyve etter forureiningslova §§ 11 og 16 sjølv om utslippet vert ført til offentlig nett.

På denne bakgrunn bad Fylkesmannen i brev av 5.1.2018 verksemda om å sende inn ny søknad om utsløpsløyve.

Søknaden inneber ikkje vesentlege endringar i høve til dagens drift ved anlegget. Det vil i eit løyve verte sett vilkår i samsvar med krav til verksemda som er omfatta av forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I.

Søknaden inneber ikkje utviding av eksisterande bygningsmasse eller uteareal. Verksemda går føre seg på eit etablert industriområde. Fylkesmannen er dermed ikkje kjend med moglege negative verknader for naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 10.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i Jærbladet. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av søkjar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlegging til offentlig innsyn

Vi ber om at søknaden vert lagd ut til offentlig innsyn på kommunen sin nettstad. Saka skal liggje ute til offentlig innsyn i seks veker frå no av.

Søknaden vil og verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>

Uttale – kommunal sluttbehandling

Fylkesmannen ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden innan **10 veker**.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

Fylkesmannen ber også Hå kommune opplyse om det på grunnlag av søknaden er aktuelt for kommunen å endre gjeldande påsleppsavtale mellom kommunen og verksemda.

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sende oss eventuelle merknader til søknaden innan åtte veker etter at de har motteke dette brevet. Dersom kommunen har treng utvida frist til uttalen, ber vi om tilbakemelding på dette.

Utskrift frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendast Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvern sjef

Johan Tore Rødland
senioringenjør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Søknad med vedlegg
2. Kunngjeringstekst avis

Kopi til:

NORSK DYREMAT AS Nylund 30 4364 SIREVÅG
IVAR IKS Postboks 8134 4069 Stavanger